



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG

Saksnr	Utval	Dato
038/19	Kommunestyret	22.05.2019

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K2 - C50	Eva Landre Meling	15/125 - 37 2019003705

Vedlegg i saka:

08.05.2019 Korrigert førsteutkast 190319

Uoff §

Offentleg ettersyn av kommunedelplan for kulturminner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å leggja ut kommunedelplan for kulturminner til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygninglova § 11-14.

22.05.2019 Kommunestyret

Behandling:

Reidar Thu (H) sette fram følgjande forslag til punkt 2. : *"I kulturminneplanen må det i eige kapittel innarbeidast registrering av lokale stadnamn, som er registrert, saman med føreliggjande kartmateriale."*

Samrøystes vedtak i samsvar med forslag og tilleggsforslag frå Reidar Thu.

KS-038/19Vedtak:

Kommunestyret vedtek å leggja ut kommunedelplan for kulturminner til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygninglova § 11-14.

I kulturminneplanen må det i eige kapittel innarbeidast registrering av lokale stadnamn, som

er registrert, saman med føreliggjande kartmateriale."

Samandrag

Vedtak om igangsetting av arbeidet med ein kulturminneplan blei gjort i formannskapssak 16/15, den 19.mai 2015 ved at ein sa ja til å motta kr 100 000 frå Riksantikvaren.

Fakta

Forsand kommune har tidlegare ikkje hatt kulturminneplan. Riksantikvaren har gjennom denne økonomisk tilskotsordninga oppfordra alle landets kommunar til laga sin eigen kulturminneplan. Mal for planen er gitt. Denne skal i grove trekk sjå på utfordringar og mulegheter i kulturminnearbeidet, ha ei kulturhistorisk oversikt og ein handlingsdel med tiltak. Tiltaksdelen vil komma etter høyring. Ein er klar over at denne vil leggja føringar for ny kommune. Men dette er alt tatt opp med Sandnes som ser på vår kulturminneplan som eit viktig dokument for framtida ved at foto og verbal oversikt vil inngå i deira kulturminneregister.

Lover, forskrifter, rundskriv

Lov om kulturminner er det sentrale lovverket for beskyttelse av kulturminner og kulturmiljøer formulert som «alle spor etter menneskelig virkomehet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til».

I tillegg til plan- og bygningslova og Kommuneplan for Forsand 2007 -2022.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak.

Kommuneplan for Forsand i tillegg til FINK (Friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern)

Innkomne uttalar

Ved å leggja kulturminneplanen ut på høyring vil det komma inn uttalar. Hadde 4. april i år eit ope folkemøte der ein presanerte kulturminneplanen. Det blir også grendemøter i Øvre Espedal, Meling og Lysebotn i høyringsperioden.

Alternative løysingar med konsekvensar

Konsekvensar for barn og unge

Eit viktig plan for notida og framtida der dei unge gjennom kulturminneplanen blir kjent med kvalitetar i vårt lokale samfunn.

Vurdering og konklusjon

Kommunedelplan for kulturminner er klar for offentleg ettersyn i perioden 1. juni – 15. juli. Kart og oversikt over fjerdigsskifte vil bli utarbeidd.

Etter innspel vil ei lokal refransegruppe utarbeida ei tiltaksliste med prioritering før politisk behandling av kommunedelplanen for kulturminner i haust.

Viser til framlegg til vedtak.

Søren Jensen
rådmann